



- eit fyrtårn i vest

## Dette skjedde 1. halvår 2024



Her kan du lesa om litt av det som har skjedd i Øygarden kommune  
det første halvåret 2024.

Tekst og redigering: Vigleik Brekke

Foto: Silvia Haugland, Kjell Andersland, Elin Helland-Jooste, Solfrid Kleven, Karoline Rage/Statens vegvesen  
Statens vegvesen, Spildepollen skule og Vigleik Brekke

**[WWW.OYGARDEN.KOMMUNE.NO](http://WWW.OYGARDEN.KOMMUNE.NO)**

## Januar

### Stor interesse for Yrkesmessa



Nærare tusen personar var innom Yrkesmessa i Sotra Arena 9. januar.

- Dette året gler vi oss over seks nye utstillarar, sa president Astrid Aag i Sotra Rotary Klubb som var arrangør. Totalt var 42 utstillarar på plass dette året. Øygarden markerte seg godt på Yrkesmessa også dette året.

### Var i beredskap

Det kraftige snøveret i midten av januar førte til utfordringar for dei kommunale tenestene. Heimetenesta prioriterte nødvendig helsehjelp. Kommunen var i beredskap.

- Situasjonen er krevjande, og vi prioriterer liv og helse. Vi er særleg opptekne av at alle får nødvendig heimeteneste, sa ordførar Tom Georg Indrevik.



### Nyttig folkevaldopplæring



- Ettersom nesten alle folkevalde er fritidspolitikarar, er det viktig å gje dei ein god start på kommunevalperioden. Det sa ordførar Tom Georg Indrevik etter at kommunestyret og medarbeidarar deltok på folkevaldopplæring på Fjordline 16. til 18. januar. Tilbakemeldingane var positive. Det kan nok tenkjas at ein og annan kjende seg litt uvel i magen då vinden over Skagerak var på det sterke.

### - Ikkje vent for lenge med å oppretta fredingsområde!

Det var stor interesse for folkemøtet i Telavåg 23. januar der spørsmålet om opprettning av fredingsområde for hummar stod på dagsorden. - Det hastar med å få på plass dette, sa Karsten Øvretveit som var ein av initiativtakarane til møtet. Rundt 60 personar møtte opp i amfiet på Nordsjøfartmuseet. På biletet; Øyvind Fiksen, ordførar Tom Georg Indrevik og forskar Terje van der Meeren.



### Valde leirarar av tre råd

I slutten av januar valde råd for personar med funksjonsnedsetjing Ingvild Skaar som leiari. Egil Haaland vart vald som leiari av eldrerådet, medan Konrad Ørn skal leia ungdomsrådet. Biletet viser ungdomsrådet med leiari Konrad Ørn (venstre framme) og Eivind Økland (høgre framme) som nestleiarar.

### Suksess for samkøyring

Sidan september 2023 har Skyss i samarbeid med Miljøløftet og selskapet Nabogo testa ut eit pilotprosjekt for samkøyring i Øygarden og på Askøy. Prosjektet har så langt fått resultat langt over det ein venta på førehand. Elin Haugdal Kvinge er ein av brukarane av Nabogo.



## Februar

### Byrådsleiaren besøkte Øygarden



Byrådsleiari i Bergen, Christine Meyer, besøkte Øygarden kommune fredag 2. februar. Det handla om felles utfordringar knytt til ungdomskriminalitet, ny godshamn for bergensområdet, byvekstavtalen/Miljøløftet og ei nysatsing i Øygarden, Framtidssamfunnet. Frå venstre; kommunedirektør Johnny Breivik, ordførar Tom Georg Indrevik, byrådsleiari Christine Meyer, varaordførar Anita Garlid Johannessen og seksjonssjef Richard Taule.

### Opna digital læringskonferanse med KI-tale

- Teknologi har endra måten vi lever på, både i arbeidslivet og privatlivet. Difor er det heilt nødvendig at vi tar i bruk digitale verktøy og læringsmetodar i grunnskolen for å førebu eleven til framtida. Dette sa ordførar då han innleia Digg Læring-konferansen på Knappskog skule 9. februar med hjelp frå KI.



### Underteikna første skulebesøksavtale med Øygarden



Øygarden kommune vart den første nabokommunen VilVite Bergen har underskrevet skulebesøksavtale med. Dette skjedde på VilVite-senteret 16. februar. Målet med avtalen er å styrkja samarbeidet mellom kommunen og VilVite og å auka satsinga på matematikk, naturfag og teknologi. Biletet frå venstre; skulesjef Jon Erik Egeland, administrerande direktør Lars Leegaard Marøy og ordførar Tom Georg Indrevik

### Stor interesse for møte om kjernekraft

Rundt 120 personar møtte opp på informasjonsmøtet om kjernekraft i kultursalen på Øygarden rådhus 20. februar. Administrerande direktør i Norsk Kjernekraft AS, Jonny Hesthammer, presenterte selskapet og snakka om korleis ein kan etablera små modulære kjernekraftverk (SMR) i samarbeid med kraftkrevjande industri.



### 100 flyktningar første halvår

Kommunestyret vedtok 22. februar at Øygarden kommune skal busetja inntil 100 flyktningar fram til 1. juli, der sju kan vera einslege mindreårige over 15 år, og dei andre som einslege vaksne eller familiær.

### Rekneskapsunderskot i 2023

Øygarden kommune hadde eit negativt netto driftsresultat på 19,8 millionar kroner i 2023. Underskotet utgjer 0,6 prosent av driftsinntektene.

### Omkom i helikopterulukke

- Det er med stor sorg vi har fått melding om at ein person er omkommen. Det sa ordførar Tom Georg Indrevik etter at ein person omkom i helikopterulukka vest for Algrøyna om kvelden den 28. februar. Kommunen hadde tett dialog med naudetatane og bidrog med oppfølging etter behov.

## Mars

### Besøk frå Krosno



Tidleg i mars var fem ungdomar og to engelsklærarar frå Polen på besøk i Øygarden kommune. Besøket er ein del av ein partnarskapsavtale mellom Krosno og Øygarden, finansiert av Norway Grants / EØS-midlar. Gjennom partnarskapet utvekslar kommunane erfaring med moderne utdanning og involvering av barn og unge i skulen, inkludering og universell utforming, og medverknad og samskaping i plan- og avgjersleprosessar.

### - Stor stas å få besøk av ordføraren

Anna Bothilde Børnes venta på ordførar Tom Georg Indrevik den 6. mars, og den 101 år gamle spreke dama frå Klokkarvik venta ikkje forgjeves.

- Eg har det svært godt her på Sundheimen, sa jubilanten. Andre 100-årsjubilantar denne våren var Signe Kårtveit, Oskar Rong og Ingrid Nordvik Ottesen.



### Opna Energimessa med eit smell



Den 13. mars small det kraftig på Sartor Storsenter. Med god hjelp frå Vil Vite Bergen markerte ordførar Tom Georg Indrevik opninga av Energimessa ved å tenna på ein ballong med litt sprengstoff i. Kristian Lammestad Fleten (til venstre på biletet) frå VilVite Bergen hjelpte ordførar Tom Georg Indrevik med smellet. Energimessa er ei mønstring der elevar frå barneskular, ungdomsskular og Sotra vidaregåande skule presenterer kunnskap, utforsking og refleksjon.

### Stor interesse for fagdag om vald og overgrep

Rundt 230 tilsette i Øygarden frå barnehage, skule, PPT (pedagogisk-psykologisk teneste) og helse var samla til fagdag på innbyggartorget og biblioteket 12. mars der temaet var vald og overgrep mot barn og unge. Arrangør var konsultasjonsteamet for vald og overgrepssaker.



### Heidra kultur og idrett



Det var verkeleg prisdryss og stor stemning i kultursalen på Kultur- og idrettsgallaen 2023 på Øygarden rådhus 15. mars. Kulturprisen gjekk til Ivar Steinsland, medan Unni Øvretveit fekk Frivilligprisen. Anne-Elin Dale fekk Mot til å glede-prisen. Biletet frå venstre; Unni Øvretveit (Frivilligprisen), Karen Boge (tok imot prisen på vegner av kulturprisvinnar Ivar Steinsland), Anne-Elin Dale (Mot til å glede-prisen) og ordførar Tom Georg Indrevik.

## April



**- Utan Fredriks hjelp hadde eg ikkje vore her i dag**  
 Fredrik Storesund Øksnes (20) frå Foldnes fekk 2. april belønning for redningsdåd frå Carnegies Heltefond for Norge. Den 12. juni 2021 redda han Vidar Fløysand (64) frå drukningsdød i Skiftedalsvatnet like ved Foldnes kyrkje. Det var ordførar Tom Georg Indrevik som overrekte bronsemedalje og diplom. Biletet frå venstre; Tom Georg Indrevik, Fredrik Storesund Øksnes og Vidar Fløysand.

### Gjorde vedtak i sak om omstilling og effektivisering

Kommunestyret vedtok 4. april å ta forslaget frå kommunedirektøren i saka om omstillings- og effektiviseringsarbeidet til orientering. I saka viser kommunedirektøren til at investeringsbehova til kommunen er vesentleg høgare enn det investeringsramma per i dag kan handtera.

### - Dette er ei flott ordning!



Den 10. april var det offisiell opning av bibliotekhagen og frøbiblioteket på Straume. Varaordførar Anita Garlid Johannessen klippte snora og erklærte bibliotekhagen og frøbiblioteket for offisielt opna. Frå før disponerer innbyggartorget og biblioteket tredje og fjerde etasje på Sartor Storsenter. No er også andre etasje teken i bruk. - Det er ein fantastisk gjeng her som har skapt eit levande bibliotek og er kjempestolt over, sa varaordføraren.

### Viste fram eit berekraftig Øygarden

- Øygarden kommune er den leiande havkommunen i Noreg. Ordførar Tom Georg Indrevik var tydeleg på det då han saman med fylkesvaraordførar Stian Davies ønskte rundt 200 deltakrar velkomne til Ocean Odyssey om bord i Statsraad Lehmkuhl 19. april. Arrangementet var ein del av One Ocean.



### Gjennomslag i første av fire tunnelar Sotrasambandet

Den 24. april var det gjennomslag for det nordlege løpet av Kollveittunnelen. Dette skjedde 10 månader etter at første salve vart avfyrt på vestsida av Kollveit. Gjennomslaget i det nordlege løpet skjer eit lite halvår før fristen i OPS-kontrakten med Statens vegvesen.

### Linda Asphaug vart «Årets eldsjel 2024»

Helsesjukepleiar Linda Asphaug vart 25. april kåra til «Årets eldsjel» av organisasjonen «De Utrolige Årene (DUÅ)». Biletet viser prisvinnar Linda Asphaug (fremst) saman med gode kollegaer som er involverte i DUÅ-arbeidet i Øygarden kommune. Frå venstre; Siv Anne Waage, Unni Marlen Leirvåg, Randi Aldal, Linda Asphaug, Kate Solsvik og Hilde Eidhammer.



## Mai

### - Ikkje mogleg utan Miljøløfte-avtale



Ordførar Tom Georg Indrevik var tydeleg då han den 3. mai talte til feststemte barn, unge og vaksne ved Gullbygget på Solsio og markerte oppstart for Sykle til jobben og arbeidet med gatestruktur i Grønamyrvegen.

- Dette er det mest attraktive regionsenteret i Skandinavia, sa han til dei mange frammøtte. På biletet også Kåre Bjørøy hjå Sartor Drange.

### Alle skal få eige aktivitetsteppe

Tidleg i mai presenterte Øygarden guiltelag dei første aktivitetsteppa som er laga til personar med demenssjukdom. - Dei 25 teppa som vart overleverte skal gå til bebuarar på Tednebakkane omsorgssenter, seier ergoterapeut Alyce Levik. På biletet ser du frå venstre Alyce Levik, Elna Haugen, Wenche Farias og Bjørg Blom.



### - Eg gler meg til kvar øving



Det var fest på Straume den 16. mai då demenskoret feira eittårsjubileum i lokala i Grønamyrvegen.

- Her er så mange koselege folk, seier kormedlem Edith Margrethe Dahl. Demenskoret er eitt av fleire tiltak i regi av Treff+.

### - Dette var ein svært lærerik og interessant dag

- Den heilskaplege tenkinga i Øygarden kommune er svært god. Det seier statsforvaltar Liv Signe Navarsete etter eit heildagsmøte med kommunaleiinga den 22. mai. - Øygarden kommune har laga ein glitrande samfunnsdel til kommuneplanen som er viktig å følgja opp i arbeidet med arealdelen, sa statsforvataren etter møtet.



### Aukar talet på flyktningar

Kommunestyret vedtok 23. mai at Øygarden kommune skal busetja ytterlegare 100 flyktningar i 2024. Desse kjem i tillegg til vedtaket i februar om å busetja 100 flyktningar.

### Brann på Rong skule

Rong skule vart ramma av brann den 25. mai. Brannskadane var konsentrerte om inngangspartiet og i takkonstruksjonen. Det var ikkje undervisning måndag 27. mai som følgje av brannen.

### Ingvild Vikingsen Skogestad vann Gullepleprisen 2024

Den 29. mai vart det gjort stor stas på avdelingsleiar på Knappskog skule, Ingvild Vikingsen Skogestad. På Norsk konferanse om bruk av IKT i utdanning og læring (NKUL) vart vinnaren av Gullepleprisen 2024 ropt opp på scena til stor jubel i salen.

- Eg er audmjuk og takksam for prisen, seier prisvinnaren.



## Juni

### Øygarden oppnådde beste resultat nokosinne



Elevane i Øygarden kan skilta med det historisk beste resultatet i MatteMaraton i regi av Kikora. I løpet av mai hadde 4 138 elevar frå kommunen vår løyst 1 975 802 oppgåver og tilbakelagt over 316 tusen kilometer. Spildepollen skule toppar lista både i Øygarden og på landsbasis. Øygarden fekk med seg det meste. På dei neste plassane følgjer Toftøy skule (2), Tjeldstø skule (3), Bjørøy skule (4) og Knappskog skule (5). David Phong Benjamin og Lara Sofia Moritz viser stolt fram pokalen på feiringa 11. juni.

### Passerte 1 500 utlån på femårsdagen

Den 7. juni var det fest på BUA på Ågotnes. Det var fem år sidan den populære gratis utlånsentralen vart offisielt opna. - Eg er imponert over dette tilbodet, sa fungerande ordførar Anita Garlid Johannessen då ho kasta glans over jubileet. Då BUA Ågotnes passerte fem år tidlegare same veke, var det registrert 1 500 lån. I løpet av desse åra har nesten åtte hundre unike lånarar registrert seg.



### - Dette er eit vellukka lokalsenter



Trond Helge Nyegaard er tydeleg på at Spildepollen er eit viktig senter for lokalbefolkinga. Nyegaard var ein av dei 20 deltarane på innspelsmøtet om arealdelen til kommuneplanen på Spildepollen skule 13. juni. I løpet av møte i sju lokalsenter sidan 22. mai, hadde det møtt opp totalt 200 personar. Den endelige arealdelen til kommuneplanen skal behandlast av kommunestyret våren 2027.



### Hernar var eit sentrum på vestlandskysten

22. juni vert band 4 til Øygarden bygdebok lansert. Utgåva handlar om gardar og slekter lengst nord i gamle Øygarden kommune.

- I boka får vi mellom anna vita kor viktig Hernar var på vestlandskysten i fleire hundre år, seier Kjell Alvheim som saman med Kenneth Bratland og Yngve Nedrebø er forfattarar av band 4.

### Opna nytt reiskapslager i Porsvika



Den 19. juni skar ordførar Tom Georg Indrevik over trossa som markerte opninga av det nye reiskapslageret for fiskarar i Porsvika. Det kommunaleigde lageret skal leigast ut til kystfiskarar for lagring av utstyr. Bygget er gjennomført innanfor budsjettramma på 14 millionar kroner. - Eg vil gje mykje ros til Nils Kåre Skoge som har stått svært mykje på for bygget, sa fiskar Kristoffer Trellevik.

### Vedtok tiltakspakke for god trafikkflyt

For å sikra god trafikkflyt i anleggsperioden for Sotrasambandet, vedtok kommunestyret den 20. juni at det skal gjennomførast ei rekke tiltak internt og eksternt. Formålet med prosjektet er å få ein så god flyt i trafikken på vegane som mogleg i byggeperioden til Sotrasambandet.